



Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar

Formål

Kulturmidlane skal stimulera eksisterande og nye kulturtiltak i Samnanger kommune slik at kulturen kan vera ei positiv skaparkraft og utfalding som gjer at me får eit betre samfunn å bu i.

Kven kan søkja?

Personar, organisasjonar, lag/foreningar, grupper og institusjonar som driv kultur- og fritidsarbeid i Samnanger kommune. Organisasjonar, foreningar og institusjonar utanfor kommunen kan få tilskot når arbeidet deira er av spesiell monnaleg verdi for Samnanger.

Ekskluderte (gjelder dei lokale ordningane)

- Organisasjonar som primært ivaretek medlemmane sine yrkesmesige og/eller økonomiske interesser.
- Kommersielle tiltak.
- Landsomfattande organisasjonar

Formar for tilskot og søknadsfrist

Generelle fastsetjingar

- Det vert ikkje gjeve tilskot til løn.
- Tiltak som er retta mot barn og unge vil verta prioritert.
- Foreningar og lag skal ha opent medlemskap og vera demokratisk oppbygd.

Driftstilskot til lag og organisasjonar

- Lag og organisasjonar kan søkje om driftsstøtte. Det vil verta lagt vekt på aktivitet, aldersgrupper og medlemstal. Samnanger kommune vil prioritera lag og organisasjonar som driv med barne- og ungdomsarbeid og som har høg aktivitet.
- I driftstilskotet er det rom for mindre investeringar, mindre reparasjonar, ombygging og restaurering av lagshus, samt mindre nærmiljøtiltak.
- Siste års reviderte rekneskap, vedteke årsplan og vedtekter **skal** følgja søknaden.
- Kulturavdelingen kan i enkelte høve påleggja laga å dokumentera medlemstala i form av medlemslister.
- Tilskot blir berre gjeve til hovudlaget.
- Nye lag kan få starttilskot. Driftbudsjett og vedtekter skal følgja søknaden.

Søknadsfrist 20. mars.

Tilskot til tilskipingar

- Det vert gjeve tilskot til tilskipingar innan kulturfeltet.
- Det skal gjerast greie for tilskipinga med kostnadsoverslag og finansieringsplan. Dersom det er ein gjentakande tilskiping skal rekneskap for tidlegare tilskipingar leggjast ved.
- Samnanger kommune kan gje underskotsgaranti i Samband med tilskipingar.
- Tilskipingar som er rekna som reine innteksbringande tilskipingar vil ikkje få tilskot.

Søknadsfrist 20. mars.

Tilskot til kulturminne

- Det vert gjeve tilskot til tiltak som fremmar kulturminnevernet i Samnanger kommune. Det kan til dømes vera opplæring i kulturminneregistrering og bevaring av faste og lause kulturminne.
- For alle tiltaka skal det sendast med budsjett. For tiltak med faste kulturminne skal det i tillegg sendast inn teikningar.
- I prioriteringa av tilskot til restaurering av bygg vil dei kriterium som er omtalt i kommunedelplan for kulturminne vera gjeldande.
- Kommunen kan i tillegg søkja fylkeskommunen om tilskot til verna kulturminne i same storleik som det kommunen sjølv set av til prioriterte kulturminne. Fylkeskommunen har eigne søknadsfristar. Skriv i søknaden om detta kan vera aktuelt og me vil senda deg eige skjema.

Søknadsfrist til kommunen er 20. mars.

Tilskot til lokale kulturbygg

- Frivillige lag, foreiningar, stiftingar, samvirkeføretak og samvirkelag kan søka om tilskot til lokale kulturbygg via www.anleggsregisteret.no.
- Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.
- Ein kan søkje om 1/3 av total godkjend kostnad på prosjektet. Nedre grense for total, godkjend kostnadsramme er 150 000 kroner. Minste tilskotssum er då 50 000 kroner.
- Søknader om tilskot må først sendast til kommunen for sakshandsaming. Kommunen vidare sender godkjente søknader og den politisk vedtekne prioriteringslista til fylkeskommunen.
- Sjå www.anleggsregisteret.no for meir informasjon, dokumentasjonskrav og søknadsskjema.

Søknadsfrist til kommunen er 15. januar.

Tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet

- Ein kan søka om midlar til bygging eller rehabilitering av idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftslivanlegg via www.anleggsregisteret.no.
- Det er fleire krav og fristar ein må ta omsyn til i søknadsprossessen.

- Ta kontakt med kommunen for å få registrert anlegget i anleggsregisteret.
- Sjå www.samnanger.kommune.no for søknadsprosess, fristar og krav.
- Søknader om tilskot må først sendast til kommunen for sakshandsaming. Kommunen vidare sender godkjente søknader og den politisk vedtekne prioriteringslista til fylkeskommunen.

Den fyrste av fleire fristar til kommunen er 30. juni.

Søknad og handsaming

- for driftstilskot, tilskippingar og kulturminne

- Det søkjast digitalt via www.samnanger.kommune.no innan søknadsfristen.
- Underskotsgaranti blir ikkje utbetalt før rekneskap er sendt til Samnanger kommune.
- Mangelfulle søknadar vert ikkje handsama.
- Tilskotsordningane blir handsama av Formannskapet.

Presedens

Den årlege tildelinga frå Samnanger kommune gjev ikkje presedens for seinare tildelingar.

Kontroll og ettersyn

Søkjaren vert skriftleg gjort kjend med vedtaket i Formannskapet. Kulturavdelinga har rett til å kontrollera at tilskotet vert nytta som føresett i søknaden. Dersom det vert gjeve urette opplysningar og/eller ein bryt med retningslinene for tilskot, kan kommunen krevja tilskotet attendebetalt.

Søknad og handsaming

- for lokale kulturbygg og anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Ta kontakt med kommunen. Søknader om tilskot må sendast til kommunen gjennom www.anleggsregisteret.no for sakshandsaming. Søknadane vert prioritert av Formannskapet. Kommunen vidare sender godkjente søknader og den politisk vedtekne prioriteringslista til fylkeskommunen.